

## OMFATTANDE ANALYSE AV EKSISTERENDE SYSTEMER FOR ADMINISTRASJON AV NETTBASERT LÆRING (LMSs)

*Vennligst fyll ut tabellen under:*

Namn på institusjonen:	Høgskolen i Oslo
LMS i denne undersøkelse:	Luvit
Språkdrakt til dette LMS:	Norsk (bokmål) Finst også på engelsk, dansk, tysk, portugisisk, finsk, m.m
Antall år i bruk:	Starta i 2000 (tidleg) med dei første pilotane
Andre LMS i bruk	ClassFronter (har hatt den til evaluering) Eit par kurs blir prøvd ut i inneverande studieår også
Antall studenter ved institusjonen:	Ca. 9.000
Antall kurstilbud ved institusjonen:	24 fulle profesjonsutdanninger i tillegg til mange etter- og videreutdanningstilbud. . Det finst også nokre utdanningsløp som ikkje er profesjonsutdanninger 3 års profesjonsutdanning er det vanlege. Vi brukar ikkje begrepet kurs i det heile. "Kurs" er ei nemning som LUVIT brukar Dei einaste på institusjonen som snakkar om kurs, er dei som driv med etterutdanning.
Mest vanleg varigheit for kurs:	Vi snakkar ikkje om kurs i utdannina. Men Luvit brukar kursbetegnelsen. Eit Luvit-kurs kan vera 1) enten ei heil utdanning <del>1)2)</del> _____ eller eit årstrinn <del>1)3)</del> _____ eller eit kurs, for eksempel på 10 vektall i videreutdanning.
Antall faglærere ved institusjonen:	Veit ikkje. Vi snakkar om ca. 650 faglig tilsette. I hovudsak er dette undervisningsstillingar.

*Denne analysen er inndelt i seks deler:*

- 1 Verktøy for utvikling av kurs
- 2 Verktøy for støtte for studenter
- 3 Verktøy for støtte for faglærere
- 4 Administrasjon (student database)

5 Teknologi (kvalitet og software)  
6 Pris

## **1 Verktøy for utvikling av kurs**

### **1.1 Utvikling av kurs.**

**Kor tilfredsstillande har dette LMS vore med tanke på å lage kurs ?**

Luvit er ein reiskap for å redigere og presentere stoff. Det har ikkje innebygd editor. Men det har ikkje vore det store problemet, fordi nettleseren Netscape har innebygd editor (Composer).

Mange klagar at det er for mange klikk for å legge inn stoff i Luvit. Spesielt viss maskina er treg.

Personleg synest eg Luvit er enkelt å bruke. Men eg har ei rask maskin.

Alle typer filformat kan leggjast inn i Luvit.

### **1.2 Struktur og pedagogisk fleksibilitet – åpenheit**

**Tillet LMS pedagogisk fleksibilitet ved produksjon av kursmateriell ?**

**Er strukturen åpen for forskjellige pedagogiske muligheiter ?**

Mappeevaluering har ikkje vore prøvd ut så mykje enno.

I det kurset eg har, legg kvar student arbeidet sitt inn i si eigen mappe. Mappa er åpen for student og lærer. Som eit lukka system fungerer det greit.

Alle typer filformat kan leggjast inn i Luvit.

### **1.3 Brukarheit for faglærere.**

**Kor lett er dette LMS å bruke for lærere og kursutviklere ?**

Det er lett å ta i bruk, oversiktleg med menyen på venstresida i skjermbildet. Kan byggje opp strukturen i ei utdanningseining og med mappesystemet blir dette lett på finne fram i.

### **1.4 Støtte for grafikk, lyd og video.**

**Gir dette LMS støtte for bruk av grafisk undervisningsmateriell, levende bilder, lyd og video i kursinnholdet ?**

Alle filformat kan leggjast inn i LUVIT -

### **1.5 Studentspørsmål, vurderinger og studentoppgåver.**

**Kva for støtte tilbyr LMS for spørsmål frå studentar og vurdering av studentoppgåver ?**

Studentar kan til ei kvar tid lett kontakte studieleiinga, stille spørsmål og raskt få svar. Dette gir mulighet for nær kontakt mellom den enkelte student og studieleiar/veileder. Publiseringssmulighetene gjer at studentar kan leggje inn egne arbeid, og veileder kan hente opp dokument, kommentere og gi tilbakemelding.

## **2 Verktøy for støtte for studenter**

### **2.1 Muligheiter for interaktiv kommunikasjon**

**Kva for muligheiter tilbyr LMS studentane av interaktiv læring/kommunikasjon ?**

Vi har brukt chat-funksjonen aktivt systematisk og aktivt til gruppearbeid (Problembasert læring). Dette er for så vidt også brukt ved oncampus-undervisning. Vi har brukt Forum-funksjonen til å samle inn informasjon. Og så har vi kombinert det med fysiske møter. Vi har gode erfaringer med å kombine Chat, Forum og fysiske møter.

I fjor brukte vi mykje arbeid på å bli kjent med systemet. Men no i haust har vi kunna gå ut til studentane på ein heilt annan måte, og det verkar som om det no fungerer mykje betre. Det har gått seg til, kan du sei.

## **2.2 Nettbasert student-til-student-kommunikasjon (synkron og asynkron)**

Kva for fasiliteter tilbyr LMS studenten når det gjeld kommunikasjon med andre studentar, og kor godt har dette fungert ?

Studentane kan bruka chat –funksjonen seg imellom.

Studentane kan bruke meldingssysemet til å sende melding til kvarandre.

Gir LMS støtte både synkron og asynkron kommunikasjon mellom studentar ?

Sjå 2.1

## **2.3 Nettbasert student-til-faglærer-kommunikasjon (synkron og asynkron).**

Kva for fasilitetar tilbyr LMS for studentens kommunikasjon med faglærer, og kor godt har dette fungert ?

Støttar LMS denne kommunikasjonen både synkront og asynkront ?

Har studenten tilgjengeleg support når det gjeld faglege, tekniske og administrative tjenester 24 timar i døgnet ?

Høgskolen har ikkje døgnvakt.

PUS (Pedagogisk Utviklings Senter)har hatt ein person som har vore med og gitt opplæring.

Det er lagt opp til at det er faglærer som skal yte teknisk hjelp til studentane ved behov. Vi arbeider med å lære opp administrativ hjelp, og ser at av og til kan adm.personell også gi brukarstøtte til studentar. Dette er personavhengig

## **2.4 Ressurser, bibliotek og litteraturhenvisninger.**

Kva for fasiliteter tilbyr LMS til studenten når det gjeld anskaffelse av ressurser som er nødvendige for kurset, spesielt bibliotek ressurser og referanser til nødvendig litteratur ?

Vi legg ut litteraturliste for kvar enkelt bolk i studiet. Det ligg i læringsmodelllen at studenten skal oppsøke litteratur og andre kjelder, bruke bibliotek og internett

## **2.5 Tilbakemelding på studentarbeid og oppgaver.**

Korleis er kvaliteten på dei muligheiter for tilbakemelding som LMS tilbyr studenten på arbeidet dei har gjort og oppgaver som er levert ?

Hvordan får studentene tilbakemelding på sine oppgavebesvarelser og hvordan støtter LMS eventuel opp om dette?

Studentane får tilbakemelding enten gjennom likemannsvurdering, eller frå studieleiar/veileder - fortrinnsvis i fysiske møter, men også gjennom LUVIT

## **3 Verktøy for støtte for faglærere**

### **3.1 Oppfølging av studenter – spørring mot studentdatabasen.**

Kor brukervennleg er LMS for faglærerne som ønsker å følge opp deira studentgruppe(r) og hente data frå studentdatabasen ?

Vi har ikkje fått administrasjonsmodulen enno.

### **3.2 Verktøy for veiledning og administrasjon av studentgrupper.**

Kva for fasilitetar tilbyr LMS til faglæreren når det gjeld ledelse og administrasjon av deira studentgruppe(r) ?

Det er relativt enkelt å opprette grupper.

Men når det er 300 studentar inne på eit kurs, kan det ta tid. Men for mindre kurs er det ikkje noko problem.

Det bør bli automatikk i overføringa frå FS til Luvit. Men det er ikkje noko stort problem no heller. Problemet er at når studentar går ut or FS systemet som aktive studentar, er det ikkje automatikk i at dei samtidig går ut or Luvit.

### **3.3 Forberedelse av spørsmål og oppgaver av veilederen.**

Kor suksessfull er LMS når det gjeld å tilby faglæreren brukarvennlege og pedagogisk læreriktige (?) verktøy i arbeidet med å lage spørsmål og oppgaver til studentane ?

Eksamenssystem (prøver og tester, multiple choice) i Luvit har vi ikkje prøvd ut, fordi det er ei eksamensform vi ikkje har brukt.

### **3.4 Kursplanlegging for studenter (følge med i studentenes framgang).**

Kva for verktøy/hjelpemidler tilbyr LMS til faglærerne for å sette dei i stand til å følge med i (overvåke) og hjelpe studentene med planlegging og råd i studieprogresjonen.

Dette byggjer vi inn i dei fysiske møtene

### **3.5 Brukervennlege administrative systemer mellom faglærern og læreinstitusjonen.**

Kva tilbyr LMS for å gjere kommunikasjonen mellom faglærer og læreinstitusjon vellykka ?

## **4 Administrasjon (student database)**

### **4.1 Påmeldingsprosedyrer og betaling av studeiavgift**

Kva for fasiliteter tilbyr LMS når det gjeld påmelding av studenter, kursallokeringer og betaling av studieavgifter ?

Ingen, FS tar seg av dette.

### **4.2 Passord og sikkerheit.**

Kor vellykka håndterer LMS student aksess til systemet og sikkerheiten rundt studentenes interaksjon med systemet ?

OK

#### **4.3 Student arkiv database.**

Kor vellykka er systemets studentdatabase, spesielt med hensyn til lagring og gjenfinning av data ?

Dette finnest ikkje i Luvit, men i FS.

#### **4.4 Eksamens- og sertifiseringsarkiv.**

Kva tilbyr LMS når det gjeld innskriving av data og karakterer som angår eksamener og sertifiseringer ?

Dette finnest ikkje i Luvit, men i FS.

#### **4.5 Databaser for kurs, klasser og faglærere.**

Kva for fasiliteter tilbyr LMS når det gjeld administrasjon av kurs, klasser og faglærarane ?

## **5 Teknologi (kvalitet og software)**

#### **5.1 Serverne - hardware og software valgmuligheter.**

Korleis er kvaliteten på hardware og software på serverne ?

Kva for valgmuligheter har man når det gjeld software ?

Korleis er LMS integrert med den øvrige software ?

Vi har ikkje fått administrasjonsmodulen enno. Dei seier det skal komma, men det skjer ikkje noko. Vi føler vi sitt litt langt unna til å kunne påverka utviklinga.

Bluegarden har driftinga for oss. Alle våre forslag går gjennom Bluegarden. Vi er ikkje sikker på at dette mellomledet er nokon fordel for å komme fram med forslag til forbedringer. Men no skal vi overta driftinga sjølve.

#### **5.2 Klientene - hardware og software valgmuligheter.**

Korleis er kvaliteten på hardware og software på klientmaskinene ?

Mange av våre maskiner er modne for utskifting. Det går i alle fall for tregt, Det kan også vere serverproblem her på bruket. Enkelte serevere synest å vere vanskelegare enn andre

#### **5.3 Fleksibilitet i pedagogisk struktur; oppdatering og tilpassingsevne.**

Er den pedagogiske strukturen fleksibel, eller er den bestemt av teknologien ?

Kva for tilpassingsevne har teknologien med hensyn til oppdateringer og ny teknologi som blir tilgjengeleg på markedet ?

Vi har ikkje fått administrasjonsmodulen enno. Dei seier det skal komma, men det skjer ikkje noko. Vi føler vi sitt litt langt unna til å kunne påverka utviklinga.

Bluegarden har driftinga for oss. Alle våre forslag går gjennom Bluegarden. Vi er ikkje sikker på at dette mellomledet er nokon fordel for å komme fram med forslag til forbedringer. Men no skal vi overta driftinga sjølve.

#### **5.4 Begrensninger i størrelse (antall studenter, kurs, veiledere..).**

Kor vellykka håndterer LMS ulike størrelser på antall studenter, kurs og faglærere ?

Korleis taklar LMS 100, 1000 eller 10000 studentar og store kursdatabaser ?

Vi har ikkje større kurs enn med ca 300 studentar - her er det tungvinnt når du skal administrere studentar - legge inn, gruppere osv. Mindre grupper er ikkje problematisk

#### **5.5 Systemet hastigheit.**

Korleis er hastigheiten til LMS og studentenes tilfredsstillelse med den ?

Kor raskt maktar systemet nedlasting av kurs og læremateriell som krev stor båndbreidde ?

Tregheiten til systemet har vore eit problemet med Luvit. Det har vorte litt betre. Men det er ikkje sikkert dette har noko med Luvit som program å gjera. Vi håpar det kjem seg når vi går over til å drifte programmet sjølv. Ein annan årsak til tregheiten, har nok vore at mange av våre maskiner er modne for utskifting.

## **6 Pris**

#### **6.1 Kostnadene ved LMS (Learning Management System).**

Kva er kostnadene med dette LMS for institusjonen ?

I løpet av våren skal vi- vurdere ulike system. Både økonomisk og i forhold til korleis dei fungerer pedagogisk.

No betalar vi mykje for driftinga til Bluegarden. Det vil bli ein stor kostnadsbesparing for oss å få den sjølv.

Vi har ca. 2000 lisenser no, og totale kostnader både for drifting og programutvikling/vedlikehold for det ligg truleg opp imot ein million. Vi reknar med at vi skal redusere det til 200.000 ved å drifte sjølv. Det er altså driftinga, og ikkje lisensen for vedlikehold og utvikling av Luvit, som er den store utgiften.

#### **6.2 Årleg avgift.**

Kva for årlege avgifter må betalast av institusjonen for systemet ?

Sjå 6.1

#### **6.3 Avgifter ved studentpåmelding (100, 1000 eller 10000 studentar).**

Korleis varierer avgifter ved å bruke av dette LMS alt etter om studentmassen er på 100, 1000 eller 10000 studentar ?

Er online fakturering mulig ?

Ta kontakt med Bluegarden for dette

#### **6.4 Vedlikeholdskostnader: Staben involvert i ledelse, IT-spesialistar , opplæringspersonell etc.**

Kva for vedlikeholdskostnader har institusjonen med dette LMS og kva for personell ressurser er nødvendige for å vedlikeholde det ?

## 6.5 Opplæringskostnader. Opplæring av faglærere, stabspersonell og studenter i bruken av systemet.

Kva er kostnadene med å lære opp stabspersonell og studenter i å bruke dette LMS ?

### **Konklusjon: Generell evaluering:**

Det er eit godt system for å komme lett i gang.

Det er enkelt å bruke. Viss du utnyttar Luvit fullt ut, er det ein lett inngang til å ta det i bruk.

Vi ventar på at arkivet skal bli inndelt i mapper. Det er det største problemet for den som er administrator og legg ut mesteparten av det stoffet som er lagt ut.

Forholde mellom Netscape og Luvit er ikkje godt. Ein skal ikkje brukar så mange dobbeltklikk i Netscape før ein bli kasta ut. Luvit har ikkje dobbeltklikk (men Netscape har).

Bluegarden har driftinga for oss. Alle våre forslag går gjennom Bluegarden. Vi er ikkje sikker på at dette mellomleddet er nokon fordel for å komme fram med forslag til forbedringer. Men no skal vi overta driftinga sjølve.

Eksamenssystem (prøver og tester, multiple choice) har ikkje vi prøvd ut, det er ei eksamensform som vi ikkje har brukt.

### **Kva for eigenskapar ville du likt å sett inkludert i dette LMS i framtida ?**

Statistikk-funksjonen kunne kanskje vore brukt til å legge inn nokre enkle evalueringsskjema undervegs. I dag har vi ikkje lagt inn evaluering i systemet, men det er det muligheit til, vi har berre ikkje gjort det.

**Takk for at du har vore behjelpeleg med å svare på spørsmåla !**